



Hyttecontaineren skal no plasserast ved Gamleskulen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Prosjektleder i Bygdeutviklingsprosjektet Kristian Bringedal hadde ei svært positiv melding under "turistmøtet" på Vertshuset: SIM har nå gått med på at Uskedalen skal få att ein hyttecontainer og kan plassera den i sentrum. Det vil seia utanfor Gamleskulen der glascontaineren står. Ingen reagerte under møtet negativt på denne plasseringa.

Containeren har i dei siste åra stått på Børnes, men vart trukke attende på grunn av misbruk. Bringedal hadde teke kontakt med SIM same dag og slo fast at Uskedalen diverre er blitt kjent for boss-saka sjølv om dei har det same problemet andre stader.

SIM har stilt seg positiv på vilkår av at containeren ikkje blir misbrukt att. Plasseringa ved Gamleskulen kan akseptertast fordi det ikkje er konditori-drift lenger der men berre kafe ein gong i veka. Bringedal etterlyste gode idear om ein eller annen form for tilsyn eller kontroll med containeren. Men SIM kan ikkje anbefale video-overvåking.

Kommunen er tidlegare bede om å gjennomføra tvungen renovasjon hjå dei no meir enn 30 hytte-eigarane på Skorpo utan at noko har skjedd førebels. Inntil renovasjonen blir til verkelegheit bør Skorpefolket ha tilgong til ein container i Uskedalen.

Av Ola Matti Mathisen